



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Osland Havbruk AS

6949 BJORDAL

Dykkar ref.

Vår ref.  
2002/0554 /542.1/GH  
A

Hermansverk  
03.07.2002

### OSLAND HAVBRUK AS - LØYVE TIL UTSLEPP FRÅ SETJEFISKANLEGG FOR LAKS OG AURE VED MIDTNESET - HØYANGER KOMMUNE

Vi viser til søknad dagsett 30.5.2001, oversendt frå Fiskeridirektoratet region Sogn og Fjordane 27.2.2002. Det vert søkt om nytt utsleppsløyve for setjefisk av laks og regnbogeaure på lokaliteten Midtneset. Staden har tidlegare vore nytta til forsøk med produksjon av yngel av kveite og piggvar (SF/hø-6). Vi viser òg til epost innsend den 23.6.02 der de endrar planlagt fôrforbruk til 50 tonn i året.

Søknaden har i følgje Høyanger kommune vore på offentlig høyring frå veke 25 i 2001 og 4 veker. I følgje kommunen har det ikkje kome inn merknader til søknaden, som gjeld ureining. Kommunen tilrår søknaden.

I høve til ureiningslova vil fylkesmannen i dette skrivet vurdere dei ureiningsmessige ulempene frå anlegget.

**Med heimel i § 11, jf. § 16 i ureiningslova frå 13 mars 1981 nr.6, gir fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Osland Havbruk AS (org.nr. 920 002 218), løyve på nærare vilkår til utslepp til luft og vatn frå eit anlegg for oppdrett av setjefisk av laks og aure ved:**

Lokalitet og kommune	Årsproduksjon, totalt tal fisk/ mengd i tonn	Kartreferanse anlegg UTM (EUREF89)	Kartreferanse utsleppspunkt UTM (EUREF89)
Midtneset Høyanger	1 000 000/ 50 tonn	1217-3 (32V) 325400 6778600	1217-3 (32V) 325000 6779000
For fylkesmannen:		REGINE (vassdragsnummer): 069.6 Kystsone: 02.80.02.01.00	

**./.** **Løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagte vilkår vert følgde.** Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" vert returnert hit før produksjonen startar opp.

Vi gjer merksam på at løyvet først tek til å gjelde dersom anlegget får løyve til drift etter oppdrettslova, medan omfanget av vassuttaket vert regulert etter

Adresse	Telefon	Landbruksavdelinga	Telefon
Tinghuset, Skrivarvegen 3	57 6550 00	Hafstadvegen 48	57 72 32 00
Postboks 43	Telefaks	Postboks 14	Telefaks
6861 LEIKANGER	57 65 50 55	6801 FØRDE	57 82 12 05

vassressurslova. Fylkesmannen har i dag sendt miljøfagleg uttale til NVE som skal handsame saka etter etter vassressurslova.

**Orientering om tidsfristar for nokre tiltak (jf. vilkåra):**

Tiltak	Tidsfrist	Tilvising til vilkår
Returnere svarskjema	Før ny produksjon kan starte opp	1
Sende årsrapport til fylkesmannen	15.feb (eller etter melding det enkelte år)	6.2

**Bakgrunn for saka**

I 1988 vart det gitt utsleppsløyve til eit anlegg på denne staden som dreiv med forsøk av oppal av yngel av kveite og piggvar. I tillegg hadde dei løyve til eit mindre tal laksefisk. Drifta har no opphøyrd, og Osland Havbruk AS ønskjer å nytte lokala til produksjon av 300 000 laksesmolt og 700 000 regnbogeauresmolt.

Fylkesmannen vil vurdere i dette skrivet om omsøkt produksjon kan tillatast i høve til ureiningslova, og kva slags vilkår for drifta som er nødvendig i høve til denne lova.

**Grunngjeving for avgjerda**

Dette løyvet regulerer i hovudsak utslepp av organisk stoff, næringsstoffa nitrogen og fosfor, kjemikaliebruk, avfallshandtering og støy. Isolert sett er slike utslepp uønskte for nabolag og for resipientane.

Ved oversendinga ligg det ved gjenpart av merknad frå Reidun Aakre Solheim. Merknaden tek opp privatrettslege tilhøve. Fylkesmannen vil merke til dette at utsleppsløyvet avgrensar ikkje på nokon måte andre, privatrettslege nærings- eller grunneigarrettar nokon måtte ha i omsøkt område. Ev. etablering og oppstart av omsøkt produksjon bør difor berre skje dersom søkjar elles har sikra at det ikkje er konflikt med andre private rettार.

Gransking av sjøen er ikkje gjennomført. Lokaliteten synest likevel å ha gode miljøtilhøve. Det er stor djupne utafør anlegget og gode straumtilhøve. Produksjonen er heller ikkje spesielt stor og utsleppsstad på 50 m vil sikre innlagring godt under overflata.

I vilkåra er det stilt krav om å etablere eit program som vedvarande dokumenterer at utsleppet vil vere forsvarleg. Granskingane skal vere tilpassa utsleppa verksemda har og dokumentere tilstanden i nærområdet. Det kan samarbeidast om granskingane med andre som har utslepp i fjorden. Jamvel om resipienten synest å tôle den organiske belastninga, er det viktig at nærområdet ikkje vert spesielt synleg påverka ved avleiring, påvekst e.l.l. Framtidig gransking må dokumentere at overflatelag og stranda nær anlegget er i akseptabel stand.

Det er førebels ikkje sett direkte reinsekrav til anlegget. Ein må rekne med at det vil verte stilt reinsekrav ved m.a. evt. ytterlegare utviding eller dersom nærområdet har ei negativ utvikling.

Rømming av fisk i dette området er spesielt uheldig. Vi har oppmoda i vår uttale til fiskeridirektoratet at anlegget bør sikrast spesielt med omsyn på rømmingsfaren. I høve til "øvrige ulemper" som ei. evt. etablering vil føre med seg (jf. § 11, siste ledd i ureiningslova) er det difor stilt ekstra krav til rømmingsikring av anlegget.

Utsleppsløyvet set grenser i høve til både tal individ og mengd årleg produksjon i biomasse. Tal individ vil i høve til ureiningstilhøva ha mindre å seie for utsleppstilhøva enn produksjonsmengda i tonn. Vi skil ikkje mellom produksjon av setjefisk som kan setjast i sjøen ("smolt") og anna setjefisk (som må fôrast vidare i ferskvatn anna stad før smoltifisering). Vekt på levert fisk – saman med fôrmengd, er dei viktigaste faktorane som seier noko om venta resipienttilhøve. Både tal individ og produksjon i tonn vert likevel nytta her for å få best mogeleg samordning med fiskeridirektoratet si avgrensing. Når begge tala er oppgitt som ytre ramme for produksjonen, skal dei tolkast slik: Talet på fisk er sjøklar setjefisk ("smolt") med venta storleik mellom 50 og 110 gram. Årleg produksjon er då rekna med å vere maksimalt mellom om lag 15 og 32 tonn. Til vanleg er fôrfaktor rekna med å vere om lag 1,0 – men kan variere mellom om lag 0,9 og 1,2. Nødvendig fôrmengd til ein slik produksjon er mellom 15 og 32 tonn. I tillegg ønskjer ein å setje ut auresmolt à om lag 25 g. I desse tilfella planlegg ein å produsere mindre fisk enn den "normalstorleiken" vi nyttar for vår vurdering av produksjonsmengd. Såleis reknar søkjaren med å klare seg med 15 tonn fôr for laksesmolten og 17 tonn fôr for auresmolten. Etter vår vurdering av normaltrong for fôr, auka søkjaren overslaget over fôrforbruk til 50 tonn. I høve til resipientforhlda på denne staden, meiner vi at det ikkje vil føre til uakseptable tilhøve. Vi har difor gitt løyve til ein produksjon på 50 tonn i året, som svarar til om lag 1 million smolt med gjennomsnittleg storleik på 50 gram, dersom fôrfaktor er om lag lik 1.

I vilkåra er det sett krav om at ein berre kan nytte mjukfôr eller tørrfôr. Definisjonane på desse fôrtypane er: *Mjukfôr/pellets: Oppmalt fisk/avfall, tilsett så mykje bindemiddel at den kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing. Tørrstoffinnhald > 50 %.* *Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %.* Tidlegare var det også nytta ein del våtfôr, som er oppmala fisk m.m. med til tider ulik næringsammansetjing. Denne fôrtypen var det høvesvis mykje spill med som gjorde den uønskt ut frå ureiningsomsyn. I tillegg kom vanskar for oppdrettar med ujamn kvalitet og vanskeleg frakt.

## **Avsluttande reglar og informasjon**

### A) Endring, attendekalling av løyvet eller opphøyr av produksjon

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet kan føre til revurdering av løyvet.

Dersom anlegget ikkje har hatt produksjon i meir enn 2 år eller anlegget ikkje er etablert i samsvar med dette løyvet innan 2 år, må det gjevast melding til fylkesmannen, jf. § 20 i ureiningslova. Fylkesmannen vil avgjere om det må søkjast om nytt løyve før ein kan starte opp produksjonen att.

### B) Tilsyn og ansvar

Dersom de har tilgang til internett, finn de oversikt over aktuelle lover og forskrifter ved: <http://www.sft.no/>. Aktuelle lover og forskrifter som gjeld ureining og avfall kan De også tinge hos Statens forurensningstilsyn, p.b. 8100 Dep., 0030 Oslo. Ureiningslova ligg i fulltekst på: <http://www.lovdato.no/all/hl-19810313-006.html>.

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for å kunne føre tilsyn etter §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Vedkomande som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet og vilkåra i løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Dette løyvet fritar ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø-, fiskeri- og veterinærlovgivinga. Merk at Kystverket må godkjenne installasjonar i sjø og kan setje krav til merking.

Alle verksemdar som sysselsett arbeidstakar, er frå 1.1.92 pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. § 52 b i ureiningslova og "Internkontrollforskrifta", seinast endra 6.12.1996). Fylkesmannen vil spesielt streke under plikta til å etablere og drive eit system som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

### C) Konsekvensar ved brot på løyvet eller vilkår for løyvet

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførde i samsvar med løyveskrivet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

### D) Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda vart mottatt. NB! Denne 3-vekers fristen tek først til å gjelde etter at avgjerd frå fiskeridirektoratet sitt regionkontor er motteke. Eventuell klage bør grunngjevast og må rettast til Statens forurensnings-

tilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje eller sende han til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund  
seksjonsleiar (tlf. 57 65 51 44)

Vedlegg: 1. Vilkår  
2. Erklæring (skal i retur til fylkesmannen)

Gjenpart m/vedlegg 1: Fiskeridirektoratet, region Sogn og Fjordane, Postboks 1,  
6701 Måløy  
Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane, Bontelabo 8A, 5003  
Bergen  
Høyanger kommune, p.b. 159, 5901 Høyanger  
Reidun Aakre Solheim, Mo, 6800 Førde  
Intern: GH, VASS, HSN

## Vilkår for løyve til utslepp frå setjefiskanlegg for laks og aure ved Midtneset - Høyanger kommune

### 0 Innleiing

Føremålet med vilkåra til dette utsleppsløyvet er å mest mogeleg hindre, minimalisere og førebyggje skader og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land.

Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

### 1 Ansvar

Anlegget skal ha ein stadleg representant som er ansvarleg i høve til krav i dette løyve og generelle krav i høve til ureiningslova med forskrifter. Vedkomande skal ha god kunnskap om hovudprinsipp i ureiningslova, viktige krav og alle relevante forskrifter. Vedkomande må kjenne godt til innhaldet i Forskrift om systematisk helse-, miljø, og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) av 6.12.1996 og syte for overvaking og vedlikehald av internkontroll når det gjeld det ytre miljøet.

./ Den ansvarlege for løyvet skal før ny eller endra produksjon vert starta opp, returnere utfylt skjema (jf. neste vedlegg) til fylkesmannen. Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til fylkesmannen ved innsending av nytt skjema eller på e-post: [postmottak@fm-sf.stat.no](mailto:postmottak@fm-sf.stat.no).

### 2 Anlegg

**2.1 Reinseanlegg.** Det er førebels ikkje sett krav til reinsing før utslepp på 50 m djup.

**Dobbel fiskesil.** Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet mekanisk måtte passere minst to silar som kvar for seg effektivt hindrar fisk av ein kvar som helst storleik av fisk å passere. Begge silane skal til vanleg vere installerte og operative, men minst ein av silane skal til ei kvar tid vere operativ.

**Overløpsvatn.** Overløpsvatn eller anna vatn som kan føre fisk må leiast gjennom sil eller anna hinder slik at fisk ikkje kan sleppe unna.

**2.2 Utsleppsstad.** Avløpsvatnet skal førast til resipienten på ein djupne som sikrar at det vesentlege av avløpsvatnet til vanleg ikkje når overflata om sommaren. Dersom djupna er mindre enn 30 m, må utsleppsstad fastsetjast ved hjelp av målingar av straum og teoretisk utrekning av innlagring.

Utsleppsstaden må veljast slik at ureina vatn ikkje vert ført attende til strandsona.

## Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Midtneset i Høyanger kommune

### 3 Miljøtilstand i resipienten

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at overflatevatnet i influensområde om sommaren har dårlegare tilstandsklasse (jf. SFT-veiledning 97:03) enn naturtilstandsklassa. Strandsona ved anlegget og pårekneleg influensområde skal ikkje ha negativ utvikling.

Verksemda pliktar å koste eller delta i granskingar som fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt i resipienten (jf. § 51 i ureiningslova). Verksemda kan òg etter pålegg frå fylkesmannen måtte betale for ein høvesmessig del av kostnadene ved ei resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i området der anlegget er plassert.

### 4 Drift og driftsrutinar

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med reinseanlegg, fôringsutstyr, m.m. slik at det kan drivast mest mogeleg effektivt. Verksemda må m.a. drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservedelslager av dei mest utsette komponentar, jf. elles krav i internkontrollforskrifta.

**4.1 Fôr.** Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Fôrfaktor bør ikkje avvike vesentleg frå 1,0. Det er berre tillate å bruke tørrfôr eller mjukfôr.

**4.2 Lukt.** Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

**4.3 Støyavgrensing.** Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Aktivitetar på anlegget som kan medføre støy ved naboar (immisjonsstøy) er avgrensa på følgjande måte:

Immisjonsstad	Dag 06 <sup>00</sup> - 18 <sup>00</sup> (15 <sup>00</sup> )	Kveld 18 <sup>00</sup> - 22 <sup>00</sup> (15 <sup>00</sup> - 18 <sup>00</sup> )	Natt (18 <sup>00</sup> ) 22 <sup>00</sup> - 06 <sup>00</sup> Søn- og helgedagar
Bustad og område som vert nytta som undervisningsstad	50 dB (A)	45 dB (A)	40 dB (A)
Område som vert nytta som hytteområde og rekreasjonsstad, sjukehus/sjukeheim	40 dB (A)	35 dB(A)	35 dB(A)
Transport ved nærliggjande bustader	55 dB (A) <sup>1</sup>	55 dB (A)	55 dB (A)

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innafør vanleg arbeidstid dvs. kl. 7<sup>00</sup> - 16<sup>00</sup> måndag til fredag.

<sup>1</sup> Sett i samsvar med "Veiledende grenser for trafikkstøy" - utgitt av Miljøverndepartementet i rundskriv 29.8.1979.

## Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Midtneset i Høyanger kommune

Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB. Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdien for ekvivalentnivået med meir enn 10 dB.

Dokumentasjon på lydnivå skal følgje tilvising i "Støyhåndboka" TA-1827/2001 eller seinare utgåve.

- 4.4 Lagring av medisin og kjemikaliar.** Medisin, insekticid og andre kjemikaliar skal lagrast slik at det ikkje er fare for spill eller søl til miljøet.

Lagringsstad bør formast slik at evt. utslepp/spill/søl kan samlast opp, t.d. ved hjelp av oppsamlingstankar/kantar med tilstrekkeleg volum.

- 4.5 Akutte utslepp.** Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal osb.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal brannvesenet varslast i samsvar med "forskrift om varsling av akutt forurensning". Fylkesmannen skal varslast så snart som råd.

- 4.6 Eigarskifte.** Ved eigarskifte, inklusiv ny eigar etter ein konkurs, må det gjevast melding om dette til fylkesmannen innan - 4 - fire veker. Det same gjeld ved namneendring.

- 4.7 Nedlegging, opphøyr, mellombels stans eller utsett oppstart.** Før lokaliteten vert forlate, pliktar den ansvarlege å rydde opp alt etterlate lausøyre, kasserte gjenstandar og anna avfall, syte for levering til godkjent mottak og såleis setje området i stand utan teikn til forsøpling eller etterlating av spesialavfall.

## **5 Avfall og slam**

- 5.1 Organisk produksjonsavfall.** Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Død fisk skal takast forsvarleg hand om. Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Oppdrettsanlegget skal ha ein kriseplan for å handtere store mengder død fisk, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

Dumping av død fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

## Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Midtneset i Høyanger kommune

Alt slam frå reinseanlegg m.m. skal transporterast til godkjent anlegg for mottak/handsaming. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogeleg ulempe, lukt m.v.

- 5.2 Medisin og kjemikalrestar.** Unyttar restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.
- 5.3 Anna avfall.** Spesialavfall, samt emballasje, plast, papir, isopor og anna produksjonsavfall som ikkje kjem inn under pkt. 4.1 og 4.2 skal mellomlagrast på forsvarleg måte, og leverast til godkjent avfallsmottak for slike avfallstypar. Verksemda må kunne dokumentere levert avfallsmengde delt på ulike typar.

## 6 Rapportering

- 6.1 Journalføring.** Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

\* Fiskemengde

- Tal individ
- Tal produsert fisk siste år
- Total mengd biomasse

\* Fôrtype og fôrforbruk

\* Mengde rømt fisk

- Total tal
- Pårekna overleving

\*Mengde død fisk

\* Avfallsmengder og disponeringsmåtar

\* Bruk av:

- Antibiotika, type og mengde
- Insekticid, type og mengde
- Andre kjemikal, type og mengde

\* Utteke slammengde ved reinseanlegg skal registrerast som:

- Mengde m<sup>3</sup> per år, ikkje antibiotika
- Mengde m<sup>3</sup> per år, antibiotikahalding
- Kg tørrstoff per år
- Leveringsstad og disponeringsmåte

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 4 år og vera tilgjengeleg ved kontroll.

- 6.2 Årsrapport.** Kvart år skal det utarbeidast ein rapport for fylkesmannen som viser m.a. siste års produksjon, avfallsmengder og -handtering, forbruk av fôr og medisin. Årsrapporten skal leverast på standard skjema som vert utarbeidd og sendt ut for det

Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Midtneset i  
Høyanger kommune

enkelte året. Eventuelle overskridingar i ramma for løyvet, eller andre problem  
uføresette hendingar m.m. må kommenterast.

Årsrapporten må sendast til fylkesmannen innan **15. februar** det påfølgjande året.

## Orientering til fylkesmannen i høve til løyve til utslepp frå setjefiskanlegg for laks og aure

NB! utfylt skjema er unnateke offentlegheit, jf. Off.l. § 5a

Før ny eller endra produksjon vert starta opp (jf. vilkår 1), må utfylt skjema sendast til:

<b>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</b> <b>Postboks 43</b> <b>6861 LEIKANGER</b>  Orientering kan også sendast på e-post til <a href="mailto:postmottak@fm-sf.stat.no">postmottak@fm-sf.stat.no</a> Dette skjemaet kan lastast ned frå: <a href="http://www.fylkesmannen.no/SFJ">http://www.fylkesmannen.no/SFJ</a>			
Lokalitet og kommune	Årsproduksjon, totalt tal fisk/mengd i tonn	Kartreferanse anlegg UTM (EUREF89)	Kartreferanse utsleppspunkt UTM (EUREF89)
Midtneset Høyanger	1 000 000/ 50 tonn	1217-3 (32V) 325400 6778600	1217-3 (32V) 325000 6779000

<b>Ansvarleg for utsleppsløyve (i høve til ansvarskravet i samsvar med ureiningslova) er:</b>			
Namn			
Firma og adresse			
Postnr.	Poststad		
Tlf.			
Telefaks			
Mobiltlf.			
E-post			
<b>Kontaktperson på anlegget er (dersom annan enn over):</b>			
Namn			
Adresse			
Postnr.	Poststad		
Tlf.			
Telefaks			
Mobiltlf.			
E-post			
<b>Kontaktperson når det gjeld internkontroll (ytre miljø) på anlegget:</b>			
<b>Dersom aktuelt: Kontaktperson når det gjeld internkontroll (ytre miljø) i konsernet:</b>			
Legg ved kopi av overordna dokumentasjon på internkontroll som gjeld ytre miljø (vi ber spesielt om kopi av mål, organisasjon (spesielt ansvarstilhøve som gjeld internkontroll), og evt. årleg gjennomgang), jf. § 5, 1.ledd nr. 4, 5 og 8 i internkontrollforskrifta)			
Dokumentasjonen er ikkje heilt ferdig, men vil verte sendt inn innan:		dato	

Dersom det er vilkår som ikkje kan stettast med ein gong, skriv her eller på eige ark kva vilkår det er problem med og når de meiner det kan stettast (dette vert handsama som ein dispensasjonssak, og de vil få skriftleg attendemelding):

Dersom det er tvil om innhald/krav i eit vilkår, skriv spørsmålet her eller på eige ark – eller omtal korleis de har planlagt å stette kravet:

Underteikna har lese gjennom utsleppsløyve og alle vilkår og stadfestar med dette at vilkåra vil verte stetta.

Stad

Dato

Underskrift